SULA KOMMUNE

MØTEBOK 05/26

UNGDOMSRÅDET

Møtedato: 15.10.2026 **Møtetid:** Kl. 16:30 - 19:30
Møtestad: Sula ungdomsskule **Saksnr.:** 021/26 – 024/26

Følgjande medlem møtte	**Parti**
Arlen Ingeborg Digernes	
Edle De Iacovo	
Irene Bjørkavoll Hofseide	
Kristian Vårdal Nossen	
Marika Zawadzka	
Mary-Emilie Pettersen Reknes	
Nickolai Ekroll	
Sokrates Leon Nordal Meling	
William Olai Leine	

Møteleiar:	Kristian Vårdal Nossen
Frå administrasjonen:	Kommunedirektøren sin kontaktperson Camilla Vatne.
Innkalling:	OK
Sakliste:	OK
Utlevert i møtet:	-
Diverse:	Jostein Håland frå Røde Kors/Frivilligsentralen var til stade i starten av møtet og orienterte om framgang i arbeidet med Ungdomskaféen. Sak 024/26 Konstituering vart fletta inn etter møtet, men blei behandla i møtet.

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
021/26	Godkjenning av møtebok nr. 04/26	
022/26	Eventuelt - spørsmål - orienteringar	
023/26	Forskrift om skule- og fridagar 2027-2028 Sula kommune	
024/26	Konstituering	

021/26: Godkjenning av møtebok nr. 04/26

Møteboka blir godkjent.

Behandling i Ungdomsrådet 15.10.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

UR - 021/26 Vedtak:
Møteboka blir godkjent.

022/26: Eventuelt - spørsmål - orienteringar

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

Behandling i Ungdomsrådet 15.10.2026

Rådet vart orientert om søknad på fylkeskommunale midlar til ordninga "Trygt heim for ein 50-lapp".
Jostein Håland informerte rådet om framgongen i prosjektet "Ungdomskafé" - at søknad om midlar er innvilga. Han ønska innspel frå rådet, og eit vidare samarbeid. Leiar og koordinator følger opp.
Dei nye medlemmane fekk ei innføring/opplæring i ungdomsrådsarbeidet.

UR - 022/26 Vedtak:
Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

023/26: Forskrift om skule- og fridagar 2027-2028 Sula kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Utval for Levekår og heilskapeleg innsats legg forslag til lokal forskrift om skule- og feriedagar 2027-2028 ut på høyring.
2. Høyringsforslaget vert sendt til skular, foreldreutval og samarbeidsutval
3. Innkomne høyringsinnspel blir vurdert og endeleg forslag til forskrift om skule og feriedagar (skuleruta) 2027-2028, vert lagt fram for kommunestyret.

Behandling i Ungdomsrådet 15.10.2026

Rådet gjekk igjennom saka i plenum.

Fellesforslag utarbeidd i møte:
Sula ungdomsråd tek Forskrift om skule- og fridagar 2027-2028 Sula Kommune til vitande.

Fellesforslaget vart samrøystes tilrådd.

UR - 023/26 Vedtak:
Fellesforslag utarbeidd i møte:
Sula ungdomsråd tek Forskrift om skule- og fridagar 2027-2028 Sula Kommune til vitande.

Behandling i Levekårsutvalet 12.10.2026

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

LEV - 024/26 Vedtak:
1. Utval for Levekår og heilskapeleg innsats legg forslag til lokal forskrift om skule- og feriedagar 2027-2028 ut på høyring.
2. Høyringsforslaget vert sendt til skular, foreldreutval og samarbeidsutval
3. Innkomne høyringsinnspel blir vurdert og endeleg forslag til forskrift om skule og feriedagar (skuleruta) 2027-2028, vert lagt fram for kommunestyret.

024/26: Konstituering

Sula ungdomsråd vel:
Leiar:
Nestleiar:

Behandling i Ungdomsrådet 15.10.2026

Til leiarvervet stilte berre **Kristian Vårdal Nossen**.
Til nestleiarvervet stilte tre kandidatar. Desse heldt appell, og valet vart gjennomført ved anonym røysting. **Arlen Ingeborg Digernes** fekk flest stemmer.

UR - 024/26 Vedtak:
Sula ungdomsråd vel:
Leiar: Kristian Vårdal Nossen
Nestleiar: Arlen Ingeborg Digernes